

Tusenårsstaden



Radøy
kommune

RADØY - DEN GRØNE ØYA





Tusenårsstaden på Radøy

Området kring Solendfjellet, Nøttveitveten og Morkenfjellet er utpeika som den offisielle tusenårsstaden på Radøy. I kommunestyret sitt vedtak hausten 1999 heiter det:

”Solend- Nøttveit- Morkenfjellet og kulturlandskapet her vert vald som kommunen sin tusenårsstad. Dette området skal vera symbolområde for kulturlandskapet på heile Radøy, og vera med og setja fokus på det grøne, vakre landskapet på øya vår”.

Det særprega, kuperte landskapet med si kulturmark og sitt spreidde plantefelt innbyr til fotturar – og turglade radværingar veit å nytta stiane i området. Morkenfjellet er med sine 217 meter det høgste fjellet på Radøy, og frå toppen kan du nyta det frie utsynet.

Radøy var skoglaust i meir enn to tusen

år. Det var denne heilskapen av sjø og lynghei med tilhøyrande gamle vegar, bygningar, kaiar m.m. som utgjorde det gamle kulturlandskapet. Det var eit uttrykk for menneska sin levemåte og for korleis ressursane vart nytta.

Så kom skogreisingsperioden, og dette kombinert med langt færre dyr på utmarksbeite har vore med og gjeve kulturlandskapet eit anna preg.

Radværingane er glade i øya si, glade i å vandra i eit landskap med mange kontrastar, for så å kunna enda opp på ein liten høgde med fritt utsyn både til havet og fjella i syningom. Du er i låglandet, men ein ås på eit par hundre meter minner om høg fjell. Du er midt på strilelandet, der det har budd menneske i uminnelege tider. Med Manger som naturleg kommunesenter; den finaste ”bygdebyen” i Nordhordland.

Stor takk til alle som har vore med og lagt til rette for at radværingar og andre kan

vandra i kulturlandskapet på tusenårsstaden. Tusenårsnemnda har hatt uvurderleg hjelp av Manger bygdelag, grunneigarane, ”Vetentausna” og andre frivillige.

Tusenårsstaden set ”den grøne øya” på kartet, og er sjølv symbolet på det rike mangfaldet av kulturlandskap på heile øya.

Eg vonar radværingane og våre gjester vil setja pris på ei vandring i eit landskap rikt på kulturminne – frå svaberg og lyngheiar til meir brattlendte beite- og slåttemarkar – for så å enda opp på dei grøne toppane med fritt utsyn i alle himmelretningar.

God tur !

Manger, juni 2005

OLAV STEINAR NAMTVEDT
Ordførar



Helikopteret fraktar opp materialane til vete-
stova. Trolle på veten passar på denne stova no.

Dugnadsånda har vore stor i tusenårsstaden.

Gråsteinsmurar er mykje brukt i bygningar,
steingardar og andre kulturminne i Radøy.

Landskapsbiletet på side 2 viser vakker utsikt
over Mangerfjorden frå Morken.



Foto: Atle Vaage, Avisen Nordhordland



Foto: Atle Vaage, Avisen Nordhordland



Kva er ein Tusenårsstad?

Kommunane i Noreg valde sin tusenårsstad i overgangen til år 2000. Det var Kulturdepartementet som oppmoda kommunane om å få deira eigne tusenårsstadar. Staden skulle vera med og forankra markeringa av tusenårsskiftet hjå folk flest. Tusenårsstaden skulle òg sjåast i samanheng med hundreårsfeiringa for unionsoppløysinga i 1905. Ferdiggjeringa av tusenårsstaden skulle difor strekka seg fram til år 2005. Tusenårsstaden skulle vera ein viktig sosial møteplass for ulike brukargrupper i kommunen, gjerne knytt til eit kulturmiljø eller naturområde. Staden skulle vera ein møteplass for kulturaktivitetar, samver, leik og oppleving. Radøy sin tusenårsstad, som er eit stort natur- og kulturlandskapsområde, er og har vore ein viktig møteplass i arbeid og fritid i mange tusen år for folk i heile Radøy. Veten på Nøttveitveten har vore viktig for å trygga radværingar, og folk elles i landet. Dette området som vart vald oppfylte alle vilkår som ein verdig tusenårsstad i Radøy kommune.






Foto: Elin Morken

Det verdifulle kulturlandskapet

Tusenårsstaden til Radøy kommune er vakker og spennande. Det opne landskapet, som bønder i mange generasjonar har stelt og dyrka, har mange kulturminne og kulturspor, og folk flest vil gje all ære til gardbrukarane som i dag tek vare på dette verneverdige kulturlandskapet. Dette er det mest populære turområdet i Radøy. På ein godversdag kan det ofte vera fleire hundre turgåarar i dette området. Frå toppane har du fantastisk utsikt i alle himmelretningar, og når du ser ut over dei opne grønne markene her, forstår du kvifor Radøy vert kalla den grønne øya.

Ute i horisonten mot vest kan du skimta Øygarden, Fedje og storhavet. Mot nord og aust ser du langt inn i Gulen og Masfjorden sin fjellheim. Retter folk blikket sørover ser dei Eldsfjellet i Meland, og Kvistefjellet og Solheimsåsen i Radøy. Det vakre kommunesenteret Manger, med kyrkja og prestegarden, er godt synleg frå toppane her.

Frå tusenårsstaden kan du sjå nesten heile Radøy, mellom anna øya sine store samanhengande skogsområde og dei langstrakte myr- og våtmarksområda.

Turstiane i tusenårsstaden

Folk kjem vandrande frå mange ulike stader når dei skal opp mot fjella i tusenårsstaden. Frå riksvegen ved Solendfjellet kan ein gå både nord- og sørover, men dei fleste vel å gå mot Nøttveitveten. Mange vandrar òg frå den skogkledde austsida av tusenårsstaden. Her kan ein koma på stiar som går frå Halland, Li og Kartveit. Frå vestsida, frå strekkinga Kolstad til Manger, er det og mange vegar og stiar som hjelper deg oppover i tusenårsstaden. Nokre av dei er lette å følgja, andre er meir usynlege. Dyrdaalen er ein stad mange stiar møtest. Her finn du mange tufter etter gamle sjeneflorar/sommarfjøs.

Den fine opne vetestova som eldsjeler

har reist ved Nøttveitveten, har vorte ein viktig møteplass for mange friluftsfolk. Her kan du søkja livd for ver og vind, og samstundes få gode naturopplevingar og sosialt samvær. Varden på Nøttveitveten er på den høgaste knausen. Her er det ein kasse med ei bok som turfolk kan skrive namnet sitt i. Om våren vil du kunne oppleva eit rikt fugleliv, både vipe, storspove og andre fuglar er vanlege gjester her.

Mange vandrar frå Manger sentrum langs gang- og sykkelvegen mot sør. Då går ein faktisk i eit område som også er ein del av tusenårsstaden til Radøy. Frå bilvegen her kan du heile året lett sjå kor vakkert dette kulturlandskapet er. Det strekkjer seg frå Nesvatnet i vest og går heilt til fjells. Det er ei stor oppleving å gå i dette landskapet, men særleg om våren når naturen vaknar til nytt liv, då held lamma deg ung og sprek med sine hopp og fakter. Gardane i tusenårsstaden forvaltar i dag eit verdifullt,



Foto: Elin Morken



Treffellsmarsjen 2005,
Foto: Odd Matre

samanhengande og storslått kulturlandskap. Dette landskapet er også godt synleg frå Hurtigruta og andre båtar som går forbi Radøy. Manger Idrettslag arrangerer elles kvart år den populære Treffellsmarsjen over tusenårsstaden. Ein kan difor seia at mange kan sjå og oppleva tusenårsstaden til Radøy kommune på ulikt vis gjennom året.

Kulturlandskapet og gardsdrifta

Gardane på Solend, Nøttveit, Morken, Kolstad og Kartveit er prega av aktivt beitebruk. Det er 16 av totalt nesten 40 bruk som er i drift i dag i dette området. Her finn ein om lag 700 vinterfora sauer og 60 geiter. Det er mjølkekyr att på ein gard på Solend, og to bruk driv med storfe. Tidlegare vart alt arbeidet på desse gardane gjort med handamakt. Først i byrjinga på 1900-talet kom hestereiskapen i bruk, som slåmaskin, plog og harv. Byskiten var lenge ein god gjødsel i alle åkrane som var her.

I dag er det feholdet som dominerer.

Tusenårsstaden sitt landskap er prega og forma av mange generasjonar fiskarbønder sitt arbeid for å få mat på bordet. Her er det mange steingardar, bakkemurar, ryddingsrøyser og gråsteinsmurte bygningar. Ryddingsrøyser er verdifulle kulturminner etter bønder som har rydda åkrar og bøar fri for stein. Desse finn du særleg mange av på Morken og dei er godt synlege frå bilvegen. Ein finn enno mange stadar dei tradisjonelle lemstovene med skykkjer og skut i gavlane. Mange funn frå gamal tid er gjort i dette området, m.a. ein runestein frå Morken.

Tidlegare spadde gardane her torv, som alle andre gardar på Radøy. Kvernhus hadde bruka ved elvar som rann ned til Nesvatnet. Eitt av kvernhusa som er i relativ god stand finn du nedanfor Radøyhallen.

Sjøen og heimafisket har alltid vore viktig for gardane på Radøy. Nausta til gardane i tusenårsstaden finn ein i vik og vågar ved

Mangersfjorden. Gardsbruka var før samla i klyngetun, men då utskiftingane tok til her på 1800-talet, endra dette seg. Då fekk kvar enkelt familie sitt eige tun, og dei mange små teigane vart samla i større einingar.

Kulturlandskapet fortel mykje om spillet mellom mennesket, husdyra og naturen. Slike område er viktige for det biologiske mangfaldet. Mange plantar, dyr og fuglar er avhengige av desse opne beitemarkene som mange kallar "vallmark". Ein kilometerlang steingard som går langs innmarka frå Solend til Kartveit deler vallmarka frå slåttemarka i vest. Innmarka vert gjødsla, kalka, grøfta, beita og slått. Bygningar, vegar, grunder og gjerde vert vedlikehaldne. Arbeidsinnsatsen til dei som er gardbrukarar her er stor. Timelønna er heller låg. Familiane hentar i dag det meste av inntektene sine frå arbeid utanom bruket. Viss generasjonane etter oss skal få sjansen til å oppleve slike opne og velstelte område,



Foto: Elin Morken

må storsamfunnet leggja tilhøva til rette for at ein i framtida har eit livskraftig småskala-landbruk i bygdene våre.

Aktivt landbruk er viktig for friluftslivet

Utan eit aktiv landbruk med beiting og slått vil dette kulturlandskapet endra seg fort. Dei opne grønne markene vil fort gro att med buskar og tre. Då forsvinn både kulturspora og utsikta. Landbruket på Vestlandet er utsett for press av mange årsaker. Gardbrukarane i tusenårsstaden og dei som nyttar området til rekreasjon er avhengige av kvarandre. Bøndene tek vare på dette flotte jordbrukslandskapet og turområdet på ein måte som er rimeleg for samfunnet og viktig for folkehelsa. Landskapskvalitetane i tusenårsstaden vår er så store at me kan vona at her kan produserast mat, oppleving og turglede for seinare generasjonar også. Gardbrukarane her er såleis ikkje berre

matprodusentar, dei vedlikeheld og skaper eit vakkert kulturlandskap som òg er vorte det mest populære turlandskapet i Radøy.


ASBJØRN NAGELL TOFT
*Skogbruksjef / miljøvernleiar
i Radøy kommune*





”Ryddingsrøyser er verdifulle kulturminner etter bønder som har rydda åkrar og bøar fri for stein. Desse finn du særleg mange av på Morken og dei er godt synlege frå bilvegen”

”Bøndene tek vare på dette flotte jordbrukslandskapet og turområdet på ein måte som er rimeleg for samfunnet og viktig for folkehelsa”



*Potetkjellar
på Nottveit*





Utsikt fra Nøttveitveten 2005

Skipsreidet og Nøttveitveten

Ordninga med vetar, eller vardar, går langt attende i saga vår. Ho har si rot i eit kongeleg påbod frå Håkon den gode si tid, om lag år 950. Dette påbødet, som seinare var godkjent på dei ymse landsting, delte landet inn i skipreider. Ei skipreide var så stor at dei kunne rusta ut og halda eit langskip for bruk av kongen til forsvar av landet. Vanlegvis gjaldt utbødet for ein månad om gongen. Utrusting av mat og slikt låg på folket som ein ekstra skatt.

Kor ein snur og vender på det, leidangen var ei tung bær for folket, i ei tid med små ressursar. Svartedauden på 1300-talet raserte folketalet. Det vart for lite folk att til å få leidangen til å fungera fullt ut. Ordninga vart etterkvart omgjort til ein pengeskatt.

Den vanlege storleiken var på 20-30 tofters skip, såkalla høgborða havskip. Mannskap ca 100 mann. Når ein veit at om lag kvar tiande person kunne reknast som stridsdyktig, kan ein lausleg fastslå folketalet

i ei skipreide til om lag 1000. Vår skipreide heitte Radar skipreide, og er mykje lik Radøy kommune i dag, men Toska, Floni og truleg Bognøy høyrde til Herdla skipreide. Ein gong kvart år vart det halde skipreide-ting. Ei viktig sak for kvart ting var våpenmønstring, at kvar mann si væpning var i orden. Likeeins at skipssegl og tauverk var i orden. Skipet stod inne i eit stort naust i Mangersvågen. Når skipet var så tett at ein mann klarde å ausa det lens, vart det rekna som sjødyktig.

På Vetten stod lenge ei vetestove, vakt-hytte. På slutten av 1800-talet vart ho riven og flytta ned til Nøttveit. Ho stod på tunet hans Elling Nøttveit. Tunet vart herja av brann og vetestova brann ned.

Siste gongen Vetten var i bruk som varslingsstasjon var under Napoleonskrigane 1807-1814. Då stod folk frå strandvernet vakt på Vetten og Varhøyen på Bø. Vaktstyrken stod under kommando av premier-

løytnant Samuel Bård Wolf, som hadde militært ansvar for Radfjorden, Mangersfjorden og Øygarden ei tid av ufreden.

Systemet med skipreider gjekk kysten rundt så langt norskekongen rådde, og så langt inn til land som laksen gjekk i elvane. Når ufredsbød gjekk tok det 7 døger før bødet nådde frå landsende til landsende.

Ein kan vel rekna med som sjølv sagt at å halda auga med Feigapet var det viktigaste for vakta på Vetten. I Nordhordland er Feigapet og Marsteinen opningane frå havet og inn til indre leid. Den same då som no. Det var veldig viktig å skilja krigsskip frå fredelige handelsskip eller andre sivile fartøy. Det var streng straff og bot for feil melding. Gud nåde den som kveikte varden i utrengsmål.

Nøttveitvetten med området rundt er ein verdig tusenårsstad. Det er utan tvil leidangen og skipreidene med sine vardar som er den limen som, saman med kyrkja, seint, men sikkert gjorde Noreg til ein



MANGER, SITT FRÅ NØTVEITVETEN.

Foto: Sivert Halland, ca 1939

nasjon. Harald Hårfagre samla riket, er det sagt. Det var ei samling bygd på rå vald, etter mi meining lite verd. Han tok frå folket eigedomsrett og odelsrett, og øydela tingskipnaden. Dei beste rømde landet og bygde eit nytt samfunn på Island.

Håkon den fyrste, med tilnamnet den gode, sette innatt eigedomsrett og odelsrett. Han nya oppatt tingskipnaden og gjorde den første freistnaden på å kristna landet.

So kjem ordninga med landsforsvaret, leidangen. Med full rett har han bore heiderstittelen "Den gode" i fred i 1000 år.

Her er skrive mykje om vardane i saga og litteratur. Per Sivle treff godt og sluttar av sitt mektige "Varde" slik:

"Å gjev det aldri må verta sagt at landet ligg utan vardevakt. Men logar kje varden på tind og nut, han logar i hjarta på Noregs gut! Ja, brenn du varde du signa du klære, bjartare høgre for kvart eit året!"

GUNNSTEIN KOLSTAD

PS: Eg har halde meg til distriktsinndeling frå eldre tid.





Foto: Elin Morken



Ei helsing frå ein gardsfamilie

Me driv gard på Morken, som er ein del av tusenårsstaden til Radøy kommune. At Veten og området omkring vart valt til tusenårsstad, er ei heidererklæring til bøndene. Ikkje berre me som tilfeldigvis bur og driv i dette området, men til alle bønder. Nokon set tydelegvis pris på arbeidet som har vorte gjort opp gjennom tidene, og på arbeidet som fortsatt vert gjort. For at landskapet skal sjå velstelt og fint ut ligg det mykje arbeid bak. Dyra er svært viktige i denne samanheng, men folket må òg gjera sitt. Økonomien i landbruket har gjort at mange legg ned. Sjølv om interessa er stor hjå mange bønder, kan ein ikkje leva av "interesså".

Husdyra våre

Produksjonen på garden er med sau og kasjmirgeit. Sauene er av rasen sjeviot. Dei vaksne sauene vert sett inn i november, for så å koma ut att etter lamminga i slutten av

april. Me parar ikkje lamma så dei får gå ute til i januar, dersom veret tillet det. Dei likar å gnaga på vegetasjonen, men får sjølvsagt tilleggsfor etter behov. Når våren kjem vert det flotte beiter.

Som ein av svært få i landet driv me med kasjmirgeit. Me har geitene for kjøt, ull og til pleie av kulturlandskapet. Ikkje nokon dyreslag kan måla seg med geita når det gjeld beiting på busker og kratt. La geita eta krattet og beit med andre dyr i etterkant, då får du flotte beiter. Dei vaksne geitene går for det meste ute om vinteren. Me forer dei kvar dag, og geitene har tak dei kan gå under i dårleg ver.

Alle vaksne sauer og geiter har namn. Dette er med på å gjera arbeidet meir interessant og me får eit nærare forhold til dyra våre.

Å driva gard kan til tider vera veldig slit-samt, men det er interessant òg. Å vera saman med dyr er helsebot for både kropp

og sjel. Uansett ver og vind kjem ein seg ut når ein har dyr. Dyra skal ha mat og tilsyn, og dei kjenner deg og kjem når du kallar på dei.

Turgåarar er ein ressurs

Me som driv gard set veldig pris på å få beskjed dersom nokon ser noko unormalt på beitet. Sjølv om me ser til dyra våre så ofte me kan, er det uråd å ha full kontroll til ei kvar tid. Så skulle du sjå eit sjukt dyr eller eit som treng hjelp, ver snill å melde frå. Turgåarane kan vera ein ressurs for oss bønder. Personleg har eg hatt nytte av dei fleire gongar, og har kunna redda dyr som har stått fast o.l. Mitt ønskje er at Radøy – "den grøne øya" – vert verande grøn også ved neste tusenårsskifte. Det er vårt ansvar og berre me kan gjera noko med det.

ELIN MORKEN
Gardbrukar



Turkart, Tusenårsstaden

LAGA I SAMBAND MED MARKERINGA AV TUSENÅRSSTADEN.

ALLEMANNSRETTE:

Ein viktig del av kulturarven vår er å vera ute i naturen. Me har frå gammalt av hatt rett til å ferdast i skog og mark, etter elvane, på innsjøar, i skjergarden og til fjells, uavhengig av kven som eig grunnen.

Rett til ferdsel gjeld i utmark, og inneber at du har plikter når du er ute i naturen. Hugs å lukka grunder og vis omsyn til dyr på beite. Har du hund, respekter bandtvangen. Det kan vera sau på beite heile året. Ver også varsam med eld. Hugs at du ikkje kan tenne bål i nærleiken av skogsmark i tida 15.4 til 15.9. Med telt kan du fritt overnatta same stad i utmark inntil 2 døgn i låglandet, utan å sporje grunneigar. Men hugs at du aldri skal setja opp teltet nærare enn 150 m frå hus eller hytte der det bur folk. Ver nøye med å rydda når du dreg.

Utmark er udyrka mark, og omfattar det meste av vatn, strand, myr, skog og fjell i Noreg. Udyrka mindre areal i dyrka mark reknast ikkje som utmark.

Innmark er all dyrka jord; åker, eng, kulturbeite, hage – og i tillegg yngre plantefelt, gardsplass, hustomt og industriareal.



1 km

— Tursti  Rasteplass

Med atterhald om feil i kartgrunnet.



RADØY - DEN GRØNE ØYA

RADØYPATRIOTEN *Av Kåre Håland*

*Eg va å e å vera ska ein radværing frå vogge å te grav
Frå Straumen uti Røssnese ein radværing me høgst beskjedne krav
Live vil eg leva helst so enkelt eg får te
Te` eg eingong leggjest ne' i saligaste fre'
Eg va å e å vera ska ein radværing frå vogge å te grav*

*Eg be 'kje om eit rikmannsliv i sus å dus å stas
Eg be 'kje om madeiravin å schnitzel å slekt fjas
Eg kjedne mitt behov å da nøyaktig på ein prikk
da å vera radværing te' da sista nikk*

Eg va å e å vera ska

*Da seiest at me høre te' eit løyve folkeslag
heilt ulik adle andre folk alt frå vår første dag
Tå sidl og pote leve me å leve ganske godt
å ronnt å raudt eit merkje har me mitt på magjen fätt*

Eg va å e å vera ska

*Me fekk da so me trengte, å takk for da me fekk
men meir enn da, me fekk vel helst i pose å i sekk
Ei smekker øy heilt for oss sjøl, å nett so passle' stor
som attpå te' ska' visa seg den beste plass på jord*

Eg va å e å vera ska



RADØY - DEN GRØNE ØYA
www.radoy.no